

# Når framtida treng deg

Tekst/mel: Ola Dimmen

No har Stortinget gitt lov til å bo - re i nord. Det er tut og kjør og ikkje føre var. Her er  
olja vår på rov, dei kan skadevår jord og den framtida som bar - nå har. Men når  
framtida treng deg og jorda vår skal le - ve og barna dine trur på det du gjør. Då skal vi  
stå her i kampen for klima og kre - ve at framtida for barna aldri dør.

Vi har kunnskap, vi har peng,  
vi har alt det vi treng  
til ei framtid med fornybar energi.  
Og då blir det så fortvilt  
når vi satsar fossilt  
og vi øydelegg natur og liv.  
Men når framtida treng deg ...

No kan jorda bli for varm,  
no må folk slå alarm!  
Det er i Arktis og på Nordpolen det skjer.  
For når isen smeltar bort,  
ja, då kan det gå fort.  
Det er ungane sitt liv vi ser.  
Men når framtida treng deg ...

